

Digital workshop om skjønnlitteratur

7/11 2020 12:00 - 15:00

Digital workshop

Publisert: 07.10.20 Oppdatert: 21.10.20



UKM og Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer å invitere ungdom mellom 13-20 år til ein digital skjønnlitterær workshop der deltakaranes kreative moglegheiter og evner står i sentrum. Gjennom forskjellige skriveøvingar, tekster og diskusjonar vil elevane i løpet av tre timer produsere korte skjønnlitterære tekster med hovudfokus på fortelling og dikt. Kurset vil finne stad over nettplattforma Teams.

Påmelding for kommunar som allereie har hatt lokale UKM-arrangement, startar måndag 26. oktober.

Workshopen vert leia av Endre Ruset.

Endre Ruset (f. 1981) frå Molde er forfattar. Utdanna ved Skrivekunstakademiet i Hordaland. Debuterte med diktsamlinga "Ribbeinas Vingspenn" på Gyldendal. For sin andre diktsamling fekk han Bjørnsonstipendet. Han ga ut diktsamlinga "Elsket og savnet" i 2014. I 2017 kom diktsamlinga "Noriaki" på Flamme Forlag. Endre er litteraturkritikar i Dagbladet, programleiar i NRK P2, redaktør i olympiastadion.no, og har heldt skrivekurs rundt om i landet i en årrekke.

Kontakt



Vebjørn Henni
Trainee - UKM og DKS
71 28 05 59 / 934 64 302
[Send e-post](#)